



SIM

Informasjon frå  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

1/2022

MARS • ÅRGANG 29



## Feilsortering

Les meir på side 4 og 5.

## Vår og tid for rydding


Les meir på side 6.

## Ditt avfall – ei brannfelle?

Lista er lang over produkt som er miljøskadelege og potensielle brannfeller dersom du kastar det i restavfallsdunken, i feil konteinar på miljøsentralen eller andre stader det ikkje høyrer heime.

Les meir på side 2 og 3.

# Ditt avfall – ei brann



Brann i renovasjonsbil får fleire tusen treff dersom ein søker på Google. Kva om du og din familie står på ei ferje saman med ein renovasjonsbil som tek fyr, av di naboen eller du sjølv har kasta EE-avfall i dunken? Kva om du køyrer inn ein tunnel saman med ein trailer full av potensielt brannfarleg avfall som nokon har kasta feil, eller kva om dunken din tek fyr?

Batteri, mobiltelefonar, sparkesyklar, pc-ar, radioar og farleg avfall. Lista er lang over produkt som er potensielle brannfeller dersom du kastar det i restavfallsdunken, i feil konteinar på miljøsentralen eller andre stader det ikkje høyrer heime.

## Kvifor?

- Når slikt avfall vert komprimert, kneppa eller pressa saman, kan det skape eit trykk som gjer at det tek fyr. Inne i ein renovasjonsbil vert alt avfallet komprimert. Dermed er potensialet for brann stor, dersom EE-avfall hamnar i dunken din.
- Gjenstanden du kastar i restavfallet kan vera skada og dermed kan dei elektriske komponentane sjølvantenne.

Det er ikkje SIM, eller kommunen eller andre som kan hindre at slikt avfall vert kasta feil. SIM og andre aktørar i bransjen kan leggje til rette for at me oppdagar

# nfelle?

avviket, ETTER at det er kasta feil. Og det kan vera vanskeleg. Det er den enkelte forbrukar som har den største påverknaden OG det største ansvaret for at slikt avfall vert levert på rett plass.

## Rettsortering

Rettsortering er med på og ta ned risikoen for brann i renovasjonsbil eller avfallsanlegg.

Dersom alt EE-avfall og farleg avfall vert levert på rett stad, vert risikoen for brann, og skade for miljø, menneske og dyr redusert.

Dette er avfall som inneheld miljøgifter, og som skal leverast som farleg avfall eller EE-avfall til eit godkjent mottak. I tillegg er det avfall som kan sjølvantenne og som dermed utgjør ein brannfare, både i dunken ved huset ditt heime, under transport og i våre avfallsanlegg.



## GRATIS levering av EE-avfall og farleg avfall

EE-avfall kan du levere kostnadsfritt til våre miljøsentralar og til butikkar som sel tilsvarande produkt.

### Kva er EE-avfall og farleg avfall?


Produkt som brukar straum eller batteri, vert omtalte som EE-avfall (elektrisk- og elektronisk avfall). Farleg avfall og EE-avfall er avfall som ikkje kan handsamast saman med anna avfall, på grunn av faren for forureining eller skade på menneske eller dyr.

## Gjennomsiktig sekk:

All erfaring viser at terskelen for å kaste miljøfarleg, eller brannfarleg avfall i dunkar eller sekker er lågare, dersom du trur du ikkje vert oppdaga.

**SIM har difor eit krav om levering i gjennomsiktige sekker på våre miljøsentralar, og kontroll av avfallet som vert kasta i dunkane.**

Farleg avfall eller EE-avfall skal sendast til mottak som har spesialisert seg på destruksjon. I tillegg kan det vere materiale som kan nyttast om igjen, særleg i EE-avfallet.



## Forbod mot ugjennomsiktige sekker

Mange selskap har innført forbod mot svarte og ikkje-gjennomsiktige sekker på sine miljøsentralar, for å ta ned risikoen for feilsortering. I SIM har me sidan 2016 oppmoda kundane våre om å bruka gjennomsiktige sekker, men så kom tida der me og såg oss nøyde til å innføre eit forbod: Frå 1.1.2021 har det ikkje lenger vore lov å levere ugjennomsiktige sekker til SIM sine miljøsentralar.

### Kva konsekvensar har dette for meg som kunde?

Ikkje anna enn at du i staden for å bruka svarte sekker til å levere restavfallet i, så må du bruka gjennomsiktige sekker.

### Kan eg bruke SIM sine sekker for plastemballasje?

Nei. Disse sekkene er berre for plastemballasje. Dersom SIM skal dele ut sekker til alle vil det medføre ein ekstra kostnad for abonnentane.

### Kva gjer eg dersom eg kjem på miljøsentralen med svart sekk?

Den får du ikkje levere. Du må ta sekken med deg heim og pakke om i gjennomsiktig sekk. Slike sekker kan du kjøp hos SIM. I tillegg er det mange andre aktørar som sel gjennomsiktige sekker.



Ikkje-gjennomsiktige sekker

# Bruk biopose til bioavfall



SIM opplever at mange butikkar reklamerer for posar og produkt som skal vera nedbrytbare. Desse produkta er ikkje godkjende i vårt kompostanlegg, med mindre dei er merka med EN 13432 eller ASTM D6400.

Me opplever ein stor auke i mange ulike bioposar som ikkje er godkjende i biodunkane. Dette er truleg mot betre vitande frå abonnentane si side, då ein kanskje har kjøpt produktet i den tru at dei er komposterbare.

Dette er ein standard som oppfyller krav i europeisk og amerikansk norm (posane må ikkje har spor av plast). For å oppnå denne klassifiseringa er det eit krav at dei biologisk nedbrytbare/komposterbare produkta vert heilt brutt ned i eit komposteringsmiljø innan ei viss tidsramme, uten å etterlate skadelege restar.

*Det er lite som skal til! Alt for mykje plast hamnar i kompostjorda og plenblandinga til SIM på grunn av bruk av plastposar i bioavfallet.*

## Plast skal ikkje i dunken

I tillegg er det ein del som brukar handleposar av plast i biodunken. Desse vert ikkje brote ned i komposteringsprosessen i det heile, og etterlet seg plastbitar i det ferdige produktet. Dermed vert den ferdige kompostjorda øydelagt.

## Tips til biodunken:

- IKKJE bruk posar av plast i dunken. T.d. handleposar frå REMA, KIWI, MENY osv.
- Glas og metall skal IKKJE i biodunken.
- Unngå varm mat/smør i bioposen, dette svekkjer kvaliteten på posen.
- Ta heile biospannet med deg når du skal tømme den i dunken, så unngår du at posen rivnar.



### Tømer IKKJE dunken

SIM sine sjåførar kontrollerer innhaldet i dunken. Dersom feilsorteringa er alvorleg nok vert ikkje dunken tømt, og kunden vil få ein raud lapp på dunken.

For at du skal vere heilt sikker på at posen du brukar er godkjent, bruk SIM sine bioposar, kjøp posar med godkjent merking eller bruk papirpose. Slike posar kan du få kjøpt hos SIM, eller på ulike matvarebutikkar.



### ✓ Kva kan du ha i dunken? (nokre døme)

- Matrestar av alle slag
- Kaffigrut, kaffifilter
- Eggeskal, restar av reker og andre skaldyr
- Visne blomar, gamle potteplanter (utan potte!)
- Mindre mengder hageavfall, sagflis
- Kjøkenpapir, papirserviettar
- Eggekartongar

### ✗ Kva skal ikkje i dunken? (nokre døme)

- Glas
- Plast
- Metall
- Drikkekartongar
- Farleg avfall
- Elektrisk- og elektronisk avfall (EE)
- Impregnert eller måla trevirke
- Bleier
- Hundeposar

# Vår og ryddetid!

Våren er ryddetid for mange, og miljøsentralane våre er igjen klare til å ta imot ditt avfall!

På miljøsentralen kan du levere alt du ikkje har lov til, eller plass til, å kaste i dunken heime. Kanskje du har pussa opp i løpet av hausten/vinteren? Då vil nok mykje av det du har til overs vere avfall som ikkje kan kastast i dunken.

Det kan vere EE-avfall, farleg avfall, brennbart og ikkje-brennbart restavfall, tekstilar og klede, gips, alt av metall, papp og papir, trevirke, hageavfall.

Både privatpersonar og verksemder pliktar å levere farlege avfall til godkjent mottak, og i vårt område er det SIM sine miljøsentralar. Privatpersonar kan levere måling, olje, lim, lakk og andre typar farleg avfall kostnadsfritt, verksemder betalar etter volum (m<sup>3</sup>) eller etter vekta på avfallet.



Mykje besøk på miljøsentralen.



Vår er ryddetid, avfallet skal ikkje kastast slik som her, men leverast til godkjent mottak.

Hugs òg at kasserte elektriske og elektroniske produkt (EE-avfall) også skal leverast til miljøsentralen, eller til stader som sel tilsvarande produkt.

Få oversikt over våre miljøsentralar på [sim.as/miljosentralane](https://sim.as/miljosentralane) og kikk på våre tips i boksen under for ei enklare og meir effektiv vårrydding!

## Seks enkle tips før turen til miljøsentralen

### 1. Tenk praktisk

Før du lastar i bil/hengar er det lurt å tenkje på at avfallet må sorterast når du kjem på miljøsentralen.

### 2. Tenk sikring

Hugs å sikre lasta godt. Bruk presenning/nett. Politibiltsyn kan ileggje bot ved mangelfull sikring.

### 3. Tenk tryggleik

Ikkje stå på hengar/murkantar når du sorterar. Bruk vernebriller/hanskar. Born bør sitje i bilen. Kjør varsamt på området.

### 4. Tenk enkelt

Ved alle våre miljøsentralar betalar ein enkelt med anten kort eller Vipps.

### 5. Ha tolmod

Vær budd på at det kan vera kø enkelte dagar. Køen går raskare om du har planlagt før du kjører til miljøsentralen.

### 6. Godt brukande

SIM tek i mot godt brukande gjenstandar på Stord, Tysnes, Bømlo og Kvinnherad.

# Rydd Sunnhordland 2022

SIM har i mange år organisert ulike ryddetiltak for sunnhordlendingar som vil gjere ein dugnadsinnsats for den flotte naturen vår.

## Korleis gjer du det?

Alle som vil rydde strender i SIM sitt område får utdelt sekker og får levere sekkene kostnadsfritt på ein av våre miljøsentralar, dersom dei melder seg på via våre nettsider. Etter påmelding får du tilbakemelding om aksjonen er godkjent og du kan hente og levere sekker på ein av våre miljøsentralar.

Gå inn på [sim.as](http://sim.as), og du vil finne påmeldingsskjema under *Meny > Skjema*.

## Kven kan vere med?

Velforeiningar, burettslag og andre grupper av frivillige som ynskjer å rydde område andre ikkje har plikt til å rydde etter forureiningslova. SIM set som krav at det vert oppført ein vaksen kontaktperson som står ansvarleg for ryddinga.

## Kven kan IKKJE vere med?

- Offentlege etatar, medrekna alle kommunale einingar
- Næringsverksemdar
- Arrangør av tilstelling



## Døme på område som kan ryddast

- Strender som kommunen/friluftsråd ikkje har ryddeavtale for
- Buområde
- Nærområde
- Turstiar
- Skogsteigar

## Kva kan kastast i sekkene?

Vanleg hushaldsavfall, brennbart restavfall og plast.

**Merk:** Grovavfall, farleg avfall og elektrisk- og elektronisk avfall (EE) skal IKKJE i sekkene, men leverast til miljøsentralen på vanlege vilkår. Sjå [sim.as](http://sim.as) for informasjon om farleg avfall og EE-avfall.

## Er det råd å få betaling for å rydde?

Dette kan variere frå år til år. SIM sitt bidrag er å ta imot avfallet og dekke kostnadene med etterbehandling av det. Du kan søkje Hold Norge Rent om refusjon for kostnader knytt til ryddinga.

Les meir om dette på: <https://holdnorerent.no/kunnskapsartikkel/refusjonsordningen-fa-pengene-tilbake-for-ryddeaksjonen>

## Kva seier forureiningslova om ryddeansvar?

Eit av hovudprinsippa i forureiningslova er at det er den som produserer avfallet som skal betale for avfallsbehandlninga. Lova slår vidare fast at det er *vegeigar* som har ansvar for rydding langs veg. Den som driv *daglegvarehandel*, *kiosk*, *bensinstasjon* eller liknande skal setje opp boskoger på sitt område, sørge for at dei vert tømde og elles halde området ryddig. *Arrangør av tilstelling eller stemne* skal sørge for opprydding etter arrangementet.

Dersom ikkje andre eigarar/etatar har ansvar for det, skal *kommunen* setje opp boskoger på utfartsstader og andre sterkt besøkte offentlege stader. Den som har ansvar for å setje opp boskorgene, skal også tømme dei og sørge for at området er ryddig.

## SIM sine ryddeaksjonar

- Rydd ei strand
- Rydd Sunnhordland
- Rydd i nærmiljøet

Les meir om våre ryddeaksjonar på nettstaden vår [sim.as/ryddeaksjonar](http://sim.as/ryddeaksjonar)

**SENDAR:**

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Meatjønnsvegen 43  
N-5412 Stord

**OFFENTLEG INFORMASJON****Visste du at?**

SIM har ein eigen app som varslar deg kva dunk som skal ut kva tid. Du kan laste den ned gratis ved å søkje på «SIM tømme kalender» i **Google Play™** eller **App Store®**.



Dunken må ikkje fyllast så mykje at du ikkje får igjen loket. Då vert det forsøpla kring dunken, noko som trekkjer til seg skadedyr som fugl og rotter.



SIM har ei fleksibel renovasjonsordning. Du kan tilpasse abonnementet til ditt behov; be om større/mindre bosdunk, dele dunkar med andre eller kompostere heime.



Dunken skal tilbake til eigedomen etter tøming.



Det kan ta opptil fem veker frå du har bestilt ny bosdunk til du får den heim. Årsaka er at SIM køyrer «opsamlingsheat» med utdeling av bosdunkar i kvar kommune kvar sjette veke. Dersom du tykkjer det vert for lenge å vente på dunken, kan du hente ny sjølv på miljøsentralen. I så fall må du melde frå til SIM på førehand.



Ved alle våre miljøsentralar ynskjer me at ein skal betale med kort eller Vipps.



Dersom dunken ikkje er tømt kan du ringe **95 25 35 15**.



Vakttelefon slamtømming: **98 23 51 51**.

**OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE\***

\*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

**AUSTEVOLL, PORSDALEN**

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

*Perioden 1. april-30. sept.:*

Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00.

*Perioden 1. okt.-31. mars.:*

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

**BØMLO, HOLLUNSDALEN**

Måndag og onsdag kl. 11.00-18.00

Tysdag og torsdag kl. 09.00-16.00

*Perioden 1. april-30. sept.:*

Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00

*Perioden 1. okt.-31. mars.:*

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

**FITJAR, SVARTASMOGET**

Måndag kl. 10.00-18.00

**KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE**

Måndag, onsdag og torsdag kl. 12.00-18.00.

Tysdag kl. 09.00-14.00

*Perioden 1. april-30. sept.:*

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00

*Perioden 1. okt.-31. mars.:*

Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

**STORD, HEIANE MILJØSENTRAL**

Måndag-torsdag kl. 09.00-18.00

Fredag kl. 09.00-15.00

Laurdag kl. 09.00-14.00

**SVEIO, SVEIÅSEN**

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

**TYSNES, EREDALEN**

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

*Perioden 1. april-30. sept.:*

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.

*Perioden 1. okt.-31. mars.:*

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

**Representantskapsmøte**

Representantskapet er øvste organ i SIM, og det er sett saman av 23 medlemmer, delt på dei sju eigarkommunane etter folketal. Medlemene kjem saman ein gong kvart år, og i 2022 skal dei møtast fredag 29. april. Saker som skal opp på møtet kan ein få ved å ta kontakt med SIM.



Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

Meatjønnsvegen 43  
N-5412 Stord  
Telefon: 53 45 78 50

E-post: [sim@sim.as](mailto:sim@sim.as)  
Nettstad: [www.sim.as](http://www.sim.as)

**SIM**